

Retningslinjer for saksbehandling av individuell tilrettelegging i privatskular

Innhold

Retningslinjer for saksbehandling av individuell tilrettelegging i privatskular	1
Rammeverk for saksbehandling av individuell tilrettelegging i privatskular – Vestland fylkeskommune.....	2
1. Innleiing	2
1.1 Hensikt.....	2
1.2 Ansvar og rettar.....	2
2. Individuell tilrettelegging.....	3
2.1 Innleiing	3
2.1.1 Tre ulike rettar	3
2.1.2 Det beste for eleven og retten til medverknad	3
2.2 Overordna om saksbehandlinga – individuell tilrettelegging	3
2.2.1 Tilpassa opplæring.....	3
2.2.2 Kortfatta saksgang når elev treng individuell tilrettelegging etter oppll. §§ 11-4 og 11-5:.....	4
2.2.3 Kortfatta saksgang når elev treng individuelt tilrettelagd opplæring etter oppll. § 11-6:4	
3. Nærmore om saksgang – individuell tilrettelegging.....	4
4. Utfyllande opplysningar – individuell tilrettelegging.....	8
4.1 Personleg assistanse.....	8
4.2 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel	8
4.3 Individuelt tilrettelagd opplæring	9
4.3.1 Grunnleggjande om individuelt tilrettelagd opplæring	9
4.3.2 Sakkunnig vurdering.....	9
4.3.3 Enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring	10
4.3.4 Mellombels enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring	10
4.3.5 Pedagogisk rapport.....	11
4.3.6 Individuell opplæringsplan og årsrapport	11
4.3.7 Refusjonskrav.....	11
5. Ressursar.....	11
5.1 Rettleiar om individuell tilrettelegging	11
5.2 Andre ressursar og lovtolking	11

Rammeverk for saksbehandling av individuell tilrettelegging i privatskular – Vestland fylkeskommune.

1. Innleiing

1.1 Hensikt

Dette dokumentet skal gi felles rutinar for private skular og fylkeskommunen. Rutinane skal sikra ei ryddig, effektiv og lik saksbehandling for søknader om individuell tilrettelegging for elevar i private skular.

1.2 Ansvar og rettar

Dokumentet tek utgangspunkt i ny privatskolelov (prskol.) og opplæringslov (oppl.). Elevar i private skular har same rett til individuell tilrettelegging som elevane i dei offentlege skulane. Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for å sikra elevane i privatskular den individuelle tilrettelegginga dei treng for å få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dei private skulane har eit ansvar for å avdekke behov hos elev, melde i frå om eleven sitt behov og bistå eleven med tilvising til PPT, samt sjølvé gjennomføringa av den individuelle tilrettelegginga i tråd med fylkeskommunen sitt enkeltvedtak.

Privatskular har plikt etter prskol. § 3-4 c til å sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder i frå til dagleg leiar dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dersom det må til skal skulen setje i verk eigna tiltak, jf. § 3-4 b (tilpassa opplæring). Dersom tiltak som del av tilpassa opplæring innanfor rammene av det ordinære opplæringstilbodet ikkje er tilstrekkeleg til å sikre elev eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal individuell tilrettelegging vurderast, jf. prskol. § 3-4 c andre avsnitt.

Det følgjer av privatskolelova § 3-6 første avsnitt at elevar i privatskular har same rett til individuell tilrettelegging som elevar i offentlege skular. Opplæringslova § 11-4 til 11-7 gjeld difor også for elevane i private skular.

Elevar har rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. oppl. § 11-4. Dei har også rett til tekniske hjelpemidlar og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i bruk av slikt utstyr. Dette står i opplæringslova § 11-5 første avsnitt.

Elevar som er blinde eller sterkt svaksynte, har rett til naudsynt opplæring i mobilitet slik at dei kan komme seg til og frå skolen og ta seg fram på skolen og i heimemiljøet jf. oppl. § 11-5 andre avsnitt.

Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring til dei kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa, jf. prskol. § 3-5.

Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. oppl. § 11-6. Deltakarar i den vidaregåande opplæringa med nedsett funksjonsevne eller særskilde behov kan også ha rett til eigna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, lærermiddel og eksamen, for å sikre likeverdige høve til opplæring. Dette står i likestillings- og diskrimineringslova § 21.

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og treng alternativ og supplerande kommunikasjon, har rett til å få nytta eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa, og opplæring i bruk av slike middel, jf. prskol. § 3-14.

Det er heimfylket til eleven som skal gjere vedtak om personleg assistanse, vedtak om fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel og vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring etter reglane i opplæringslova §§ 11-4 til 11-6 og § 11-7, jf. prskol. § 3-6. Saksbehandlingsreglane som følgjer av forvaltningslova gjeld også for fylkeskommunens saksbehandling av søknader om individuell tilrettelegging. Vestland fylkeskommune ved avdeling for opplæring og kompetanse (OPK) gjer vedtak for elevar som er folkeregistrert i fylkeskommunen.

Eleven sitt heimfylke skal dekkje utgifter til eleven sin individuelle tilrettelegging, jf. prskol. § 3-6 andre avsnitt.

2. Individuell tilrettelegging

2.1 Innleiing

2.1.1 Tre ulike rettar

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av eit ordinært opplæringstilbod, har rett til individuell tilrettelegging etter oppl. § 11-4 (personleg assistanse), § 11-5 (fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel) og § 11-6 (individuelt tilrettelagt opplæring). Den individuelle tilrettelegginga skal sikre at elevar får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringstilboden. Det krevjast ikkje sakkunnig vurdering frå PPT for at fylkeskommunen kan gjere eit vedtak om individuell tilrettelegging etter opplæringslova §§ 11-4 og 11-5, men forvaltningslova § 17 gjeld framleis og saka må difor vere «så godt opplyst som mogleg før vedtak treffast».

Eit opplæringstilbod med individuelt tilrettelagt opplæring skal ha eit innhald som kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa (i forhold til andre elevar og kva som er realistiske opplæringsmål for eleven). I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal bli gitt, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Elevane skal ha det same totale undervisningstimetalet som andre elevar og følgje strukturen med timer og friminutt i det utdanningsprogrammet dei går på. Dei skal også ha opplæring i timer som svarar til fag på timeplanen, samstundes som dei vert inkludert og deltek i skulen sitt sosiale fellesskap.

2.1.2 Det beste for eleven og retten til medverknad

Det følgjer av privatskolelova § 5A-1 at kva som er best for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld dei. Elevane har også ein rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter lova. Dei skal bli hørde, og det skal leggjast vekt på deira meningar etter alder og modning, jf. prskol. § 5A-2. Skulen har også ei plikt til å samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven jf. § 5A-3. Føresegne er særleg viktige å ha omsyn til ved saksbehandlinga og gjennomføringa av individuell tilrettelegging for elevar.

2.2 Overordna om saksbehandlinga – individuell tilrettelegging

2.2.1 Tilpassa opplæring

Eleven eller eleven sine føresette kan krevje at skulen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng individuell tilrettelegging, og eventuelt kva opplæring eleven treng.

Undervisningspersonalet skal følgje med på utviklinga til elevane og melde frå til dagleg leiar dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skulen setje i verk eigna tiltak, jf. prskol. §§ 3-4 c og 3-4 d. Skulen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven har behov for individuell tilrettelegging etter reglane i oppl. §§ 11-4, 11-5 og 11-6, jf. prskol. § 3-6.

Dersom det er openbert at ein elev treng individuell tilrettelegging og ikkje kan få eit tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet med tiltak som del av tilpassa opplæring, kan det tilvisast til PPT for ei sakkunnig vurdering utan nærmare utprøving av tiltak som del av tilpassa opplæring. Det er ikkje lov å gjennomføre tiltak utanfor rammene av det ordinære opplæringstilbodet utan at det ligg føre eit enkeltvedtak om individuell tilrettelegging.

2.2.2 Kortfatta saksgang når elev treng individuell tilrettelegging etter oppl.

SS 11-4 og 11-5:

1. Skulen sender utan ugrunna opphold søknad til Vestland fylkeskommunen, ved OPK seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS). Relevant dokumentasjon må leggjast ved søknaden. Søknadsskjema på [fylkeskommunens nettsider](#) er digitalt.
2. Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS) gjer enkeltvedtak om individuell tilrettelegging.
3. Skulen utarbeidar ein plan for eleven og gjennomføring av tiltak etter enkeltvedtaket. Planen må sendast IFS ved hjelp av eDialog.
4. Skulen sender refusjonskrav innan 1. desember for haustsemesteret, og innan 1. juni for vårsemesteret. Se nærmare retningslinjer som gjeld refusjon.
5. Seksjon for IFS gjer enkeltvedtak om refusjon og refunderer utgifter.

2.2.3 Kortfatta saksgang når elev treng individuelt tilrettelagd opplæring etter oppl. § 11-6:

1. Skulen sender utan ugrunna opphold tilvising til PP-tenesta, vedlagt pedagogisk rapport og samtykkje frå elev eller føresette til tilvisinga.
2. Når sakkunnig vurdering ligg føre, sender skulen søknad om individuelt tilrettelagd opplæring til Vestland fylkeskommune, OPK ved seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS). Digitalt søknadsskjema og samtykkeskjema finst på [fylkeskommunens nettsider](#). Sakkunnig vurdering og eventuelt anna relevant dokumentasjon må leggjast ved søknaden.
3. Seksjon for IFS gjer enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.
4. Skulen utarbeidar individuell opplæringsplan (IOP) og årsrapport. Dokumenta må sendast seksjon IFS ved hjelp av eDialog.
5. Skulen sender refusjonskrav innan 1. desember for haustsemesteret, og innan 1. juni for vårsemesteret. Se nærmare retningslinjer om refusjon.
6. Seksjon for IFS gjer enkeltvedtak om refusjon og refunderer utgifter.

3. Nærmare om saksgang – individuell tilrettelegging

Undersøking og kartlegging av eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet skal skje utan ugrunna opphold. Dersom tilsette er usikre på om eleven har utbytte, skal det meldast til dagleg leiar eller til den dagleg leiar har delegert oppgåva til. Ein kan nyte ressursteam i skulen til å diskutere eleven sine behov, dersom undervisningspersonalet er usikker på kva behov eleven har.

Eleven eller foreldra må samtykkje til tilvising hos PPT, før fylkeskommunen ved PPT gjer ei sakkunnig vurdering. Det må også bli gitt eit eige samtykke til enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring, før fylkeskommunen ved IFS gjer vedtak. Føremålet med eit eige samtykkje til enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, er å sikre eleven ei medråderett før endeleg enkeltvedtak som sett rammene for eleven sitt opplæringstilbod. Elev eller føresette skal ha moglegheit til å uttale seg til det nærmare innhaldet i utarbeida sakkunnig vurdering frå PPT, før

endeleg enkeltvedtak treffast. Eit tilbod om individuelt tilrettelagd opplæring skal utarbeidast i samråd med eleven og foreldra.

Nærmore detaljer om saksgangen og gjennomføring finn du i tabell under.

Steg	Utføring
1 Lærar er i tvil om ein elev i skulen får tilfredsstillande utbytte av opplæringa	<ul style="list-style-type: none"> - melde frå til dagleg leiar i skulen eller den dagleg leiar har delegert ansvaret til, jf. prskol. § 3-4 c. - om det må til, settje i verk eigna tiltak jf. prskol. § 3-4 b - kartlegge eleven sitt utbytte av ordinær opplæringstilbod - eventuelt diskutere eleven sitt behov i ressursteam - dokumenter arbeidet
2 Vurdere om tilpassa opplæring sikrar tilfredsstillande utbytte av opplæringa.	<p>Del 1: vurdere om eleven treng individuell tilrettelegging</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skulen vurderer om tiltak ved tilpassa opplæring sikrar elev eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa eller om elev kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i oppl. §§ 11-4, 11-5 og 11-6. <p>Del 2: heilskapleg vurdering – pedagogisk rapport (mal tilgjengeleg)</p> <ul style="list-style-type: none"> - tidlegare skulehistorie - beskriv behov - styrkar fagleg /sosialt - korleis opplæringa er organisert - utbytte i faga – behov for individuell tilrettelegging - resultat frå kartleggingar (lese-/skriveferdigheitar etc.) - opplæringsnivået til eleven - kva skulen har prøvd ut som del av tilpassa opplæring
3 Elev treng individuell tilrettelegging – har ikkje eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa.	<p>Del 1: vurdere om eleven treng å tilvisast til PPT</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eleven må tilvisast PPT dersom det er behov for individuelt tilrettelagd opplæring etter oppl. §§ 11-6 og 11-7. - Elev må tilvisast PPT om han har samansette behov for individuell tilrettelegging etter § 11-6, og §§ 11-4 eller 11-5. - Dersom det berre er behov for personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel, kan ein gå vidare til steg 4 i tabellen. <p>Del 2: tilvise elev til PPT:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innhente samtykke frå elev eller føresette for tilvising til PPT - Fylle ut digitalt skjema for tilvising på fylkeskommunens nettsider - Pedagogisk rapport, samtykke og anna relevant informasjon av betydning for utbytte av opplæringa skal vere lagt ved tilvisinga.
4 Elev treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel, jf. oppl. §§ 11-4 eller 11-5.	<p>Fylkeskommunen kan treffe vedtak utan krav om sakkunnig vurdering.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Framleis krav om at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak, jf. fvl. § 17. - Skulen innhentar nødvendig dokumentasjon og sender søknad til fylkeskommunen eleven er folkeregistrert i. <p>Søknaden må innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Beskriving av eleven sitt behov for personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel. Opplæringstilboden skal utformast i samråd med elev og føresette.

	<ul style="list-style-type: none"> - Legg ved relevant dokumentasjon i søknad, til dømes legeerklæring etc. - Uttale fra elev over 15 år om kva tiltak hen ønsker. Dersom eleven er under 15 år eller manglar samtykkekompetanse må også dei føresette gi ei uttale om ønskt tiltak. <p>For vidare saksgang, sjå steg 7 i tabellen.</p>
5 sakkunnig vurdering – PPT si tilråding	<p>Den sakkunnige vurderinga vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa.</p> <p>nærmore innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> - a. eleven sitt utbytte av opplæringa - b. kvifor eleven eventuelt ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av opplæringa - c. kva som er realistiske opplæringsmål for eleven - d. kva tiltak som kan gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa - e. kva kompetanse dei som skal gi opplæringa, bør ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava etter § 11-9 <p>PPT kan ved behov gå gjennom innhaldet i ferdig utarbeida vurdering med elev, føresette og eventuelt skulen. Føremålet med gjennomgang er å gjere elev/føresette/skule i stand til å forstå innhaldet i den sakkunnige vurderinga, PPT skal framleis vere fagleg uavhengig.</p> <p>Sakkunnig vurdering sendast som hovudregel til elev som har fylt 15 år med kopi til skule. Dersom elev er under 15 år eller manglar rettsleg samtykkekompetanse, skal sakkunnig vurdering også sendast til føresette.</p>
6 Søknad om individuelt tilrettelagd opplæring etter oppl. § 11-6, jf. prskol. § 3-6.	<p>Elev eller føresette kan sende søknad via digitalt skjema på fylkeskommunens nettsider. Skulen kan også hjelpe elev med innsendning av søknad, så lenge skulen innhentar samtykke til dette.</p> <p>Søknaden må innehalde følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> - gyldig sakkunnig vurdering av eleven sine behov frå PPT - samtykke til enkeltvedtak frå elev eller føresette <p>Elev over 15 år skal som hovudregel gi samtykke til enkeltvedtak sjølv. Dersom elev er under 15 år eller manglar rettsleg samtykkekompetanse, er det føresette som skal gi samtykke til enkeltvedtak.</p>
7 Fatta enkeltvedtak (heimfylket til elev har ansvar)	<p>Før det gjerast enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring etter oppl. § 11-6, skal det innhentast samtykke. Fylkeskommunen har samtykkeskjema tilgjengeleg på fylkeskommunens nettsider.</p> <p>Eit enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring skal byggje på den sakkunnige vurderinga, avvik frå sakkunnig vurdering må grunngjenvæst særleg.</p> <p>Innhald vedtak:</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - kor lenge vedtaket gjeld – tidsavgrensing (start-sluttdato) - innhald, kva slags opplæringstilbod fagleg/sosialt, - avvik frå læreplanverket; kompetansemål, timer og kva fag avviket skal gjelde for. Eventuelt fritak frå vurdering mv - omfang (tal årstimar mv.) - organisering (i klasse/gruppe, lita gruppe, eineundervisning, alternativ opplæringsarena) - kompetanse (lærar, spesialpedagog, logoped, assistent mv.) <p>Det skal alltid fattast eit enkeltvedtak om individuell tilrettelegging etter søknad. Enkeltvedtaket må sikre eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa og eit forsvarleg opplæringstilbod. Kjem fylkeskommunen fram til at eleven ikkje har rett til individuell tilrettelegging, skal det fattast eit enkeltvedtak som gir avslag på søknaden. Elev og/eller føresette har rett til å klage på enkeltvedtaket.</p> <p>Enkeltvedtak sendast som hovudregel til elev som har fylt 15 år med kopi til skule. Dersom elev er under 15 år eller manglar rettsleg samtykkekompetanse, skal enkeltvedtak også sendast til føresette.</p>
8 Utarbeide Individuell opplæringsplan (IOP)	<p>Skulane er ansvarlege for å ha gode system for å utarbeide IOP etter at enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring ligg føre.</p> <p>Innhald IOP: (målbare mål og innhald med opplæringa må gå tydeleg fram)</p> <ul style="list-style-type: none"> - mål for opplæringa - innhaldet i opplæringa - korleis opplæringa skal organiserast - korleis opplæringa skal drivast fram - IOP skal byggje på sakkunnig vurdering og enkeltvedtak <p>Innhaldet skal samordnast med klassen sin plan for ordinær opplæring, uavhengig av eleven sitt faglege nivå. (sjå døme/mal på IOP)</p>
9 Årsvurdering	<p>Det skal utarbeidast årsrapportar for alle med individuell tilrettelegging</p> <p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> - ei skriftleg oversikt over opplæringa eleven har fått - ei vurdering av eleven si utvikling og måloppnåing. <p>Årsrapporten skal sendast til elev/føresette og til fylkeskommunen (Sjå døme på årsrapport).</p>
10 Klagerett	<p>Elev/føresette kan klage både på avslag om rett til individuelt tilrettelagt opplæring, på innhaldet i enkeltvedtaket, på saksbehandlinga og på manglande oppfylling av enkeltvedtaket.</p> <p>Frist for å klage på enkeltvedtak er som hovudregel 3 veker frå det tidspunkt vedtaket er motteke. Elev/føresette har ein løpende rett til å klage på manglande oppfylling av enkeltvedtak.</p> <p>Klage skal sendast til fylkeskommunen via eDialog med klagaren sin ID og referansenummer som står på vedtaket. Klagen må innehalde ønskja endring.</p>

11	Heimfylke dekker utgifter til individuell tilrettelegging knytt til tilhøyrande enkeltvedtak.
Refusjon	Skulen sender refusjonskrav innan 1. desember for hausthalvåret og innan 1. juni for vårhalvåret. Se nærmere retningsliner for refusjon.

4. Utfyllande opplysningar – individuell tilrettelegging

4.1 Personleg assistanse

Etter opplæringslova § 11-4 har elevar rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho. Det følgjer av forarbeida Prop.57 L (2022-2023) side 604-605 at:

... med personleg assistanse er det meint praktisk hjelp og bistand frå ein person (assistent) som kan følgje med og hjelpe eleven i skolekvardagen. Assistansen kan variere både i omfang og oppgåver og kan til dømes vere hjelp til å følgje med i opplæringa, sosiale aktivitetar i friminuttet, kommunikasjon, flytting, bering av sekk og utstyr, av- og påkleding, måltid og toalettbesøk.

Personleg assistanse kan givast av personar som ikkje er tilsette i lærarstilling.

Ein elev kan i tillegg ha rett til personleg assistanse etter helse- og omsorgstenestelova. Hjelp frå ein assistent kan følgjeleg reknast som ein del av opplæringa i nokre samanhengar og som helse- og omsorgstiltak i andre samanhengar, men opplæringslova gir ikkje elevane rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Retten til personleg assistanse etter opplæringslova omfattar ikkje behandling eller andre helse- og omsorgstenester.

Det krevjast ikkje sakkunnig vurdering frå PP-tenesta som grunnlag for fylkeskommunen å gjere eit vedtak om personleg assistanse, men fylkeskommunen må sikre at saka har eit forsvarleg grunnlag for avgjersle før vedtak, jf. forvaltningslova § 17. For søknader om personleg assistanse vil fylkeskommunen kunne be om anna dokumentasjon som til dømes legeerklæringar for å sikra eit forsvarleg grunnlag for avgjelder. Dersom ein elev treng personleg assistanse og praktisk bistand etter helse- og omsorgstenestelova, må kommunen kontaktast.

4.2 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel

Det følger av opplæringslova § 11-5 at elevar har rett til dei tekniske hjelpemiddel og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho. Elevar har også rett til nødvendig opplæring i bruk av utstyr som dei får som del av den individuelle tilrettelegginga. Elevar som er blinde eller sterkt svaksynte har også rett til naudsynt opplæring i mobilitet slik at dei kan komme seg til og frå skulen og ta seg fram på skulen og i heimemiljøet. Det følgjer av forarbeida prop.57 L (2022-2023) side 605 at:

... elevar som har behov for tilrettelegging av arbeidsplassen eller klasserommet for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, har rett til fysisk tilrettelegging. Slik tilrettelegging kan mellom anna omfatte tekniske hjelpemiddel, inventar, teknisk utstyr og programvare og nødvendig opplæring for at eleven skal kunne bruke utstyret. Om eleven har behov for opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel, må vurderast ut frå både medisinfagleg og skolefagleg kunnskap og erfaring. Dessutan har det betydning kva eleven og foreldra meiner, og det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §§ 10-1 og 10-2. Første ledd vidarefører også retten blinde og sterkt svaksynte elevar har til nødvendig opplæring i tekniske hjelpemiddel, jf. dagens lov §§ 2-14 og 3-10

Kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for å stille til rådvelde dei hjelpemidla og det utstyret som er nødvendig for at elevane skal få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Det må skiljast mellom pedagogiske hjelpemiddel, som kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for, og tekniske hjelpemiddel, som NAV Hjelpemiddelsentralen kan vere ansvarleg for. Kommunane og fylkeskommunane vil uansett ha eit ansvar når utstyr ikkje blir dekt av NAV og hjelpemiddleet er nødvendig for at eleven skal få tilfredsstilande utbytte av opplæringa.

Behova etter opplæringslova § 11-5 må vurderast ut frå både medisinfagleg og skulefagleg kunnskap og erfaring. Fylkeskommunen kan i denne samanheng be om til dømes legeerklæringer som dokumentasjon for å sikre eit forsvarleg grunnlag for avgjersle før vedtak. Det er ikkje eit krav om sakkunnig vurdering frå PPT før enkeltvedtak treffast etter § 11-5.

4.3 Individuelt tilrettelagd opplæring

4.3.1 Grunnleggjande om individuelt tilrettelagd opplæring

Etter opplæringslova § 11-6 har elevar som treng det for å få tilfredsstilande utbytte av opplæringa, rett til individuelt tilrettelagd opplæring. Opplæringstilboden skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstilande utbytte av opplæringa samanlikna med andre elevar og i tråd med dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Forarbeida Prop.57 (2022-2023) side 606 har skrive overordna om retten at:

Spørsmålet om eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring for å få tilfredsstilande utbytte, kjem an på ei konkret fagleg-pedagogisk vurdering av utbyttet eleven har av opplæringa. Sjå merknadene til § 11-1.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) skal alltid gi ei sakkunnig vurdering før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, jf. § 11-7.

For elevar som har eit visst utbytte av opplæringa, kan det vere nok å få individuelt tilrettelagd opplæring i nokre timer i veka, i enkelte fag eller delar av fag eller for ein kort periode. For elevar som har svært lite utbytte av opplæringa, eller som ikkje har utbytte i det heile, må større delar eller heile opplæringa leggjast særskilt til rette.

4.3.2 Sakkunnig vurdering

Hovudregelen er at det er PP-tenesta i den fylkeskommunen søkeren er folkeregistrert som skal utarbeide sakkunnig vurdering for eleven. Det kan i særlege tilfelle vere avtalt unntak frå hovudregelen slik at det er PP-tenesta i skulefylke til eleven som skal utarbeide sakkunnig vurdering. Dette kan vere aktuelt der det til dømes ligg føre store geografiske avstandar mellom skule og eining for PP-tenesta.

Før det tilvisast til PPT for ei sakkunnig vurdering, må det hentast inn eit samtykke frå elev som har fylt 15 år. Dersom eleven er under 15 år eller manglar samtykkekompetanse må det hentast inn samtykke frå føresette.

Dei sakkunnige vurderingane må utarbeidast med utgangspunkt i minimumskrava som stillast til innhaldet etter opplæringslova § 11-8. Sakkunnige vurderingar som ikkje oppfyller minimumskrava og ikkje synleggjer dei lovpålagte vurderingane, kan ikkje danne grunnlag for enkeltvedtak og må sendast tilbake til PPT for ny vurdering. Dersom eleven også treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging etter §§ 11-4 og 11-5, skal den sakkunnige vurderinga gi ei heilskapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng, jf. opply. § 11-7 første avsnitt.

Forvaltningslova har reglar om sakshandsamingstid i § 11a. Forvaltningsorganet skal førebu og avgjere saker utan ugrunna opphold. I saker som gjeld enkeltvedtak, skal det sendast eit førebels svar dersom ei tilvising eller søknad ikkje kan svarast innan ein månad etter at den er motteken.

Dersom eleven sitt behov endrar seg i løpet av opplæringstilboden som den sakkunnige vurderinga tek utgangspunkt i, eller dersom eleven startar i nytt og anna opplæringstilbod; skal eleven tilvisast til PPT for ei ny vurdering. Det same gjeld om den sakkunnige vurderinga gjeld i ei avgrensa tidsperiode som til dømes eit år, men eleven framleis treng individuelt tilrettelagd opplæring.

Elev eller føresette har rett til å uttale seg om det nærmare innhaldet i den sakkunnige vurderinga etter at den er utarbeida, og før fylkeskommunen gjer enkeltvedtak. Denne moglegheita må sikrast gjennom blant anna eit eget samtykke til enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring.

4.3.3 Enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring

Fylkeskommunen har ansvar for å treffe enkeltvedtak på eit forsvarleg grunnlag jf. forvaltningslova § 17. Opplæringslova § 11-7 stillar særlege krav til grunnlaget for avgjersle ved enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Det er eleven sitt heimfylke som skal treffe enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring.

Enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) føreset gyldig sakkunnig vurdering frå PPT og samtykke til enkeltvedtak. Samtykke til enkeltvedtak bør innehalde ei moglegheit for eleven eller føresette å gi ei uttale til det nærmare innhaldet i ferdig utarbeida sakkunnig vurdering, før vedtak. Dette sikrar at eit tilbod om ITO er utarbeida i samråd med elev og føresette. Det skal leggast stor vekt på kva elev og føresette meiner, jf. oppl. § 11-7 siste avsnitt.

Før det treffast enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, må det hentast inn eit samtykke frå elev som har fylt 15 år til dette. Dersom eleven er under 15 år eller manglar rettsleg samtykkekompetanse må det hentast inn samtykke frå føresette.

Hovudregelen er at eit enkeltvedtak gjerast for eitt år om gangen. Dersom eleven sitt behov kan reknast for varig og stabil, samstundes som den sakkunnige vurderinga gir tilstrekkeleg grunnlag, kan fylkeskommunen treffe eit enkeltvedtak som gjeld over fleire skuleår.

4.3.4 Mellombels enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring

Fylkeskommunen har moglegheit i særlege tilfelle til å gjere eit mellombels enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Dette kan vere aktuelt medan ein venter på ny og oppdatert sakkunnig vurdering frå PP-tenesta, samstundes som det er openbert at eleven treng individuelt tilrettelagt opplæring for å sikre eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Som oftast er dette aktuelt ved til dømes overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule for elev.

Sjølv om fylkeskommunen i utgangspunktet ikkje har ei lovpålagt gyldig sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring gjerast; vil eit mellombels enkeltvedtak på anna grunnlag enn gyldig sakkunnig vurdering frå PPT av og til vere nødvendig av omsyn til elevens beste. Mellombels enkeltvedtak er berre aktuelt dersom det er openbert at eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring for å få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og PP-tenesta ikkje har ei sakkunnig vurdering ferdig utarbeida innan eleven har starta opplæringa.

Fylkeskommunen må jamvel sikre at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak fattast, jf. forvaltningslova § 17. Fylkeskommunen stillar difor krav om tidlegare sakkunnig vurdering for eit tidlegare opplæringstilbod og anna dokumentasjon som gjer greie for at eleven har særlege behov som ikkje kan møtast innanfor det ordinære opplæringstilboden gjennom tilpassa opplæring.

Då skulen er nærmast til eleven i det aktuelle opplæringstilboden, må skulen i tillegg beskrive kva tiltak som dei meiner er nødvendig for å sikre eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa i det aktuelle opplæringstilboden. Skulen må gjere ei pedagogisk kartlegging og angi nødvendig timetal med individuell tilrettelegging i kvart enkelt fag. Det må også gjerast greie for kva slags organisering eleven treng i undervisninga. Individuelt tilrettelagd opplæring kan organiserast som

undervisning med to-lærarsystem i ordinær klasserom, undervisning i mindre gruppe eller ein-til-ein. Organiseringa må ta utgangspunkt i eleven sitt behov.

4.3.5 Pedagogisk rapport

Den pedagogiske rapporten skal beskrive elevens grunnleggjande ferdigheter og kompetansenivå. Rapporten utgjer eit viktig grunnlag for PP-tenesta sitt arbeid, samstundes som det er ein viktig del av skulen sin pedagogiske kartlegging av eleven sitt behov i opplæringa.

Ein pedagogisk rapport skal som hovudregel vere ferdig utarbeida og lagt ved når eleven tilvisast til PP-tenesta for sakkunnig vurdering. Dersom eleven har eit særleg behov etter denne rettleiarenas punkt 4.3.4 for mellombels enkeltvedtak, må det ved søknad til fylkeskommunen også leggjast ved ein pedagogisk rapport på bakgrunn av tilgjengelege opplysningar.

Det kan nyttast eigne malar eller malar frå fylkeskommunen. Malane frå fylkeskommunen er utarbeida i samarbeid med UIB. Ta kontakt med avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune for å få tilsendt malar.

4.3.6 Individuell opplæringsplan og årsrapport

Det følgjer av opplæringslova § 11-10 jf. privatskolelova § 3-6 første avsnitt at skulen skal utarbeida individuell opplæringsplan (IOP) for elev, snarast mogleg etter at enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring er motteke. Elevens IOP skal innehalde måla for og innhaldet i opplæringa, og korleis ho skal drivast.

Når det nærmar seg slutten av skuleåret, skal det utarbeidast ein årsrapport som beskriv den opplæringa eleven har fått og utviklinga til eleven.

Det kan nyttast eigne malar eller malar frå fylkeskommunen. Malane frå fylkeskommunen er utarbeida i samarbeid med UIB. Ta kontakt med avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune for å få tilsendt malar.

4.3.7 Refusjonskrav

Vestland fylkeskommune skal dekke utgifter knytt til individuell tilrettelegging i privat vidaregåande skular med rett til statstilskot for elevar som fylkeskommunen treffer enkeltvedtak for. Enkeltvedtaket sett rammene for kva tiltak den private skulen kan gjera som del av den individuelle tilrettelegginga og då seinare krevje refusjon for.

Fylkeskommunen gir eigne rutinar for saksbehandlinga av refusjon for individuell tilrettelegging i private skular.

5. Ressursar

5.1 Rettleiar om individuell tilrettelegging

Utdanningsdirektoratet har utarbeida ein rettleiar med nærmere informasjon om individuell tilrettelegging. Fylkeskommunen tilrår alle som har arbeidsoppgåver knytt til individuell tilrettelegging for elevar å [lese gjennom rettleiaren](#), i tillegg til å gjere seg kjent med fylkeskommunen sine retningslinjer.

5.2 Andre ressursar og lovtolking

- Udir om tilpassa opplæring: [Tilpasset opplæring | udir.no](#)
- Rettleiing frå udir om korleis ein kan ta vare på barnekonvensjonen i saksbehandlinga: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/Slik-ivaretar-dubannekonvensjonen-i-saksbehandlingen/>

- Udir om korleis ein vurderer det beste for eleven: [Vurdere kva som er best for eleven | udir.no](https://www.udir.no/vurdere-kva-som-er-best-for-eleven/)
- FNs barnekomité gir ut generelle kommentarar om tolking av enkelte artiklar i barnekonvensjonen eller særlege viktige spørsmål. Særleg aktuelt for denne prosedyren er generell kommentar nr. 12 om barnets rett til å bli høyrd, og nr. 14 om barnets beste. På regjeringa sine nettsider ligg ei oversikt over alle utgitte kommentarar:
<https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/generelle-kommentarer-fra-fns-barnekomit/id573909/>